

**Åshild Ulstrup vitjar Senioruniversitetet  
6. juni og kåserer i kantina på Husnestunet.**

Åshild voks opp på Valen. Dei seinare åra har ho kjent ein sterk lengt til heimbygda, til bygdene rundt og til menneska der. Ho har spurt seg sjølv kva det er ho lengtar etter, om det er eit ønske om igjen å få møte menneska og naturen som har vore med å forme henne til det menneske ho er som vaksen, om det er dei sterke banda til barndom og oppvekst som dreg henne tilbake. Ho har sterke kjensler for kva desse forholda har hatt å seie for hennar vaksne liv. Alt dette og noko meir vil Åshild Ulstrup snakke om

Åshild Ulstrup er journalist og radiomedarbeidar. Ho er særleg kjent for sine mange personlege intervju og sosialreportasjar i NRK gjennom 40 år, m.a. i programma «Sånn er livet», «På livet laus» og «Middagsstunden». Ho har og gitt ut fleire dokumentar- og intervjubøker, deriblant «Rop frå en taus generasjon», «Hore og madonna på kjærleikens øy – ein turistrapport frå Syden», «Huldra» og «100 pluss, våre eldste forteller». Åshild Ulstrup er ein glimrande fortellar.